



Det kongelige landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:

Vår ref: AKL

Dato: 01.12.2014

HØYRINGSUTTALE TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL AVLØYSING VED SJUKDOM M.V.

Vi syner til mottatt høyringsframlegg datert 17.10.2014 om ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom m.v. Søre Sunnmøre Landbrukskontor er eit interkommunalt landbrukskontor for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Vi har desse merknadane til framlegget:

Endring av generelle vilkår for rett til tilskot ny §3

Det er uheldig at ny føreskrift legg opp til ei utviding av kven som kan tilby avløyningstjenester. Vi meiner det vil svekke dei fagmiljø som landbruksvikarordninga og avløyningstjenestetilbyr. Desse arbeidsplassane er og ein viktig læringsarena for dei som vil inn i landbruket. I vårt område er desse fagmiljøa små og det vil uheldig om ikkje dei som arbeider med avløyning skal vere sikra full sysselsetting. Vi fryktar at eit frislepp av tilbydarar vil føre til at det vert vanskelig å skaffe stabile og gode avløyningssarar.

Endring i søknad ny §8

Arbeidet avløyningstjenestetilbyr er særskild viktig. Ordninga med at avløyningstjenestetilbyr kan få utbetalt tilskotet direkte er ei god og praktisk ordning som bør halde fram. Laga tek i dag risiko med å forskotere utgiftene til avløyningstjenestetilbyr. Gardbrukaren er og trygg på at han får kvalifisert personell til å take over fjøset medan han er sjuk. Vert denne moglegheita avvika legg ein og ei større byr på gardbrukaren i ein vanskeleg situasjon.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef